II dokumenterer vurderingsordninga og sensorordninga for det enkelte emne i studieprogrammet. Programsensor skal særskilt evaluere vurderingsordninga når det berre nyttast interne sensorar. Dei programansvarlege må vurdere om programsensor for dette formålet skal få ytterlegare informasjon om vurderingsordninga.

III I kva grad programsensor har delteke i drøftingar i fagmiljøet om kvalitetsutvikling i studieprogrammet

IV Evt. særlege tilhøve ved gjennomføringa av studieprogrammet i perioden

V Rolla og oppgåvene som programsensor

Fakultetet kan definere programsensor sine oppgåver nærare.

UUI-sak 16/12	O-sak 5: Evalueringsseminaret 16. april	
---------------	---	--

Program for Evalueringsseminaret 16. april

12.00 - 12.15: Kaffe og noe å bite i

12.15 - 13.00: Innledning v/ Arild Raaheim, Institutt for pedagogikk

13.00 - 13.30: Jan Reinert Karlsen, Senter for vitenskapsteori

13.30 - 13.45: Studentrepresentanter fra SULLE

13.45 - 14.00: Kaffepause

14.00 - 15.00 Diskusjon

Sted kunngjøres senere.

UUI-sak 17/12	Retningslinjer og mandat for programstyrer for disiplinbaserte program.	
Vedlegg 1	Drøftingssak – ber om synspunkt på samansetjing og mandat for programstyre i disiplinbaserte program	
Vedlegg 2	Rammer for sammensetning av programstyrer og mandat	

Bakgrunn i saken

Fakultetet har sendt ut brev om rammer for sammensetning av programstyrer og mandat for programstyrer for disiplinbaserte program. Frem til nå har fagmiljøene i prinsippet fungert som programstyrer, uten at det har vært gjennomført som formaliserte programstyremøter.

Retningslinjene fra fakultetet er relativt åpne og UUI har av instituttleder Johan Myking blitt oppfordret til å diskutere hvordan retningslinjene skal tolkes ved LLE.

Vedlegg 1:

Drøftingssak til UUI 26.03.12.

Sendt til fagkoordinatorene av undervisningsleder 09.03.12.

JM 08.03.12

NOTAT

Til UUI v/ undervisningsleiar Hilde Corneliusen

Drøftingssak – ber om synspunkt på samansetjing og mandat for programstyre i disiplinbaserte program

Grunnlag: brev frå fakultetet 06.03.12 med vedlegg.

Alle disiplinbaserte studieprogram skal no få sine eige programstyre. Instituttleiinga har diskutert korleis dei relativt opne og fleksible retningslinjene frå fakultetet best kan konkretiserast for faga ved LLE. Som følge av dette ber eg i første omgang UUI om å ta denne saka opp som drøftingssak.

Skiljet programutval/programstyre

Dette er eit nyttig skilje på den måten at heile fagmiljøet faktisk får ei formell rolle i forvaltinga av program – ei rolle som til no sjølvstøtt har vore reell utan å vera formalisert.

Programutvalet er altså synonymt med fagmiljøet. Dermed har alle, både dei med fast og dei med lausare tilsetjingsforhold (stipendiatar, vikarar m.m.), rett til å delta i diskusjonar, gje framlegg og seia si mening. Det er vel i praksis slik alle fagmiljø fungerer, i alle fall bør det vera slik.

Programstyret er ei formalisering og relativt moderat innstramming av den vedtaksfunksjonen som fagmiljøet til no har hatt: Det er stilt krav om leiar, det er krav om representasjon frå studentane, og det er krav om sekretær og føring av referat. Fleire fagmiljø har alt praktisert dette.

Fakultetet seier at heile fagmiljøet kan utgjera eit programstyre, altså med tillegg av studentrepresentantar. Det vil i så fall seia at det er full ko-ekstensjonalitet og synonymi mellom fagmiljø, programutval og programstyre (det siste altså med tillegg av studentar). Eg tolkar dette som ei tilpassing til ein situasjon der nokre fag er svært små og der eit snevrare programstyre verkar kunstig. Eller så kan programstyret vera eit utval av fagmiljøet (med tillegg av studentar), det er då ei tilpassing til ein situasjon der fag er for store til at det er praktisk tenleg å ha alle tilsette med i programstyret. Slik er situasjonen ved LLE – dei ymse faggruppene er svært ulike.

Storleiken på programstyret

Kor stort eit programstyre skal vera, er eit spørsmål om kva som er praktisk og tenleg. For å unngå overbyråkratisering, må talet på representantar haldast under kontroll, og talet på studentrepresentantar må tilpassast talet på fast tilsette. I tillegg bør talet på representantar vera eit oddetal, slik at ingen må utstyrast med dobbeltrøyst.

Alt i alt verkar tala 5 og 7 rimelege, dvs. 5 representantar medrekna studentar i fag med 'få' tilsette og tilsvarande 7 representantar medrekna studentar i fag med 'mange' tilsette. I tilfelle faga er for små eller sjølv ønskjer eit mindre utval representantar, bør det vera høve til det, derfor bør tala formulerast som "inntil 5" og "inntil 7".

- I fag med 'få' tilsette bør det vera 1 studentrepresentant, det gjev 20 % studentrepresentasjon (1 av 5).
- I fag med 'mange' tilsette bør det vera 2 studentrepresentantar, det gjev 28,5 % studentrepresentasjon (2 av 7).
- Talet på representantar frå dei vitenskapleg tilsette er då *inntil* 4 for fag med 'få' tilsette og *inntil* 5 for faga med 'mange' tilsette, fagkoordinator/leiar medrekna.

Retningslinene frå fakultetet opnar for ekstern representasjon. Eg meiner at dette først bør vurderast når instituttet har skaffa seg meir erfaring med ordninga.

Mogeleg storleik på programstyre, faggruppe for faggruppe

Utgangspunktet ligg i skiljet mellom fag med 'få' eller 'mange' tilsette. Dette bør byggja på eksisterande heimlar, ikkje på om alle heimlane til kvar tid er fylte eller ikkje. Grensa må òg i nokon grad baserast på skjøn. Eit mogeleg skilje kan gjerast slik:

- Fag med inntil 5 heimlar er definerte som fag med 'få' tilsette og får eit programstyre på inntil 5 representantar, medrekna 1 studentrepresentant.
- Fag med 6 eller fleire heimlar er definerte som fag med 'mange' tilsette og får eit programstyre på inntil 7 representantar, medrekna 2 studentrepresentantar.

Fag med 'få' tilsette er etter dette (NB: talet på heimlar må kontrollteljast): teatervitskap, klassiske fag, lingvistiske fag.

Fag med 'mange' tilsette er då (NB: talet på heimlar må kontrollteljast): digital kultur, nordisk, norskkursa, litteraturvitskap og kunsthistorie. (Nordisk med 17 heimlar, 4 distinkte fagområde og sterk tradisjon for indre fagleg sjølvstyre må kanskje diskuterast som eit særtilfelle. 5 representantar kan vera for lite til å unngå "overkøying" av fagmiljø i vanskelege saker.)

KONKLUSJON: Mogelege retningsliner for samansetjing av programstyre for disiplinbaserte studieprogram ved LLE

Ansvarsfelt: Felles programstyre for BA- og MA-programmet

Mandat: Sjå mandat frå fakultetet.

Leiar: Fagkoordinatoren er automatisk medlem og leiar i programstyret.

Sekretær: Studiekonsulenten er sekretær, med talerett, men ikkje røysterett.

Representasjon:

Instituttleiar oppnemner medlemmer til programstyret mellom alle fast tilsette i minimum 50 % stilling etter framlegg frå programutvalet, respektive inntil 4 eller inntil 5, fagkoordinator medrekna.

Fagutvalet på faget (eventuelt SULLE dersom det ikkje finst eit aktivt fagutval) peikar ut studentrepresentanten/-ane, respektive 1 eller 2.

Alle formelt oppnemnde representantar har lik røysterett. Det er røysteplikt i alle vedtakssaker, og vanlege reglar for møtestyring og røysting gjeld.

Vedlegg 2: Rammer for sammensetning av programstyrer

Griegakademiet - Institutt for musikk
 Institutt for framandspråk
 Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
 Institutt for filosofi og førstesemesterstudium
 Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap

Referanse

Dato

2012/2729-INGHA

06.03.2012

Rammer for samansetjing av programstyre og mandat

Som følge av oppretting av disiplinbaserte program, har institutta og fakultetet sett behov for felles retningslinjer for leing av desse programma. Frå fakultetet si side er det viktig å streke under den formelle rolla eit programstyre har, kombinert med eit ynskje om auka medvit om ansvar for og samhandling i programmet. Fakultetet har difor utarbeidd rammer for samansetjing av programstyre og mandat, eit arbeid som har gått føre seg i dialog med institutta.

Dei disiplinbaserte bachelor- og masterprogramma ved HF har tilhøyrse i fagmiljø som varierer sterkt i størrelse. Ei felles løysing for programleing vil såleis ikkje fungere like godt i alle miljøa, og fakultetet har difor sett det som viktigare å definere nokre overordna felles rammer heller enn felles faste rutinar for institutta. Vi har tatt utgangspunkt i allereie eksisterande og godt fungerande lokale rutinar og *Handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia*. I tillegg har vi lagt vekt på å unngå tunge administrative prosedyrar.

Vi gjer såleis framlegg om ei pragmatisk løysing, og opnar for to ulike modellar som vonleg gjev tenlege og praktiske arbeidstilhøve for fagmiljøa og administrasjonen.

- 1) Heile fagmiljøet utgjer eit programstyre med ansvar for dei tre delane i mandatet.
- 2) Eit mindre utval fagpersonar frå fagmiljøet får særleg ansvar for dei tre delane i mandatet. Denne løysinga krev jamleg kontakt med og informasjonsflyt til heile fagmiljøet.

Kvart programstyre skal ha ein leiar. I nokre tilfelle kan det vere naturleg at fagkoordinator er leiar, medan ei slik løysing kan medføre for stor arbeidsbør på ein person i andre miljø. Instituttleiar peikar ut leiar av programstyret. Programstyra skal ha ein administrativt tilsett sekretær og studiekonsulenten på programmet synest som eit naturleg val. Vidare skal det være studentrepresentasjon i programstyra, og vi finn

inntil to studentrepresentantar som høveleg. Vi ber programstyra vurdere om eksterne representantar frå t.d. nærings- eller kulturliv kan vere nyttige i programstyret. Programstyret skal vere felles for master- og bachelorprogrammet. Vi viser elles til det vedlagte mandatet.

Vi strekar under at dette skrivet gjeld dei disiplinbaserte programma ved HF. Når det gjeld dei *tilrettelagte* programma, skal det i programstyra for desse framleis vere representasjon frå samarbeidande fag/institutt/fakultet/institusjonar. Det vedlagte mandatet for dei disiplinbaserte programma kan i stor utstrekning truleg også nyttast for dei tilrettelagte programma, men dette må vi vurdere nærare ved eit seinare høve og i dialog med desse programma.

Venleg helsing

Jan Oldervoll
visedekan for undervisning
og internasjonisering

Ronald Worley
studiesjef

Mandat for programstyra ved Det humanistiske fakultet

Mandatet for programstyra er definert innan følgjande tre område:

- ✓ Utvikling
- ✓ Leiing
- ✓ Evaluering

Utvikling:

Programstyret skal

- utvikle studieplan for programmet i samsvar med krava i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og NOKUTs kvalitetskrav til studietilbod
- avgjere kva emne som skal inngå i programmet og kva omfang (studiepoeng) emna skal ha
- leggje til rette for studentutveksling på programmet
- syte for godkjenning av studieplan på instituttnivå (Utval for utdanning og internasjonisering)

Leing:**Programstyret skal**

- ha jamlege møte som oppfølging av det ansvaret det har for programmet
- føre protokoll frå møta
- arrangere programsamlingar minst ein gong i året
- syte for generell god informasjonsflyt til fagmiljø og institutt

Evaluering:**Programstyret skal**

- syte for evaluering av programmet i samsvar med *Handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia*
- foreslå oppnemning av programsensor for fakultetet
- inngå kontrakt med programsensor (i samarbeid med instituttet) der oppgåvene til sensor er fastlagde
- syte for at retningsliner for programsensor ved UiB blir følgt opp i samarbeid med programsensor, jf. Appendix s. 16 i *Handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia* <http://link.uib.no/?5FfsG>
- følgje opp programsensorrapport i fagmiljøet og på instituttet, og i samband med utdanningsmelding kvart år

6.3.2012

UUI-sak 18/12	Undervisning i Strategiplan for LLE.	
Vedlegg 1	Utdrag av Strategiplan for LLE 2010-2011	
Vedlegg 2	Forslag til punkter som bør tas inn i den kommende strategiplanen for LLE under "undervisning".	
Vedlegg 3	Forslag og innspill som gjelder undervisning fra Allmøte 12. mars.	

Vedlegg 1. Utdrag av Strategiplan for LLE 2010-2011**UNDERVISNING**

LLEs hovedmål er å tilby undervisning og veiledning av høy kvalitet som gir godt læringsutbytte og fører til at flere studenter tar sine eksamener på normert tid.

Kvalitet:

- holde god undervisning og gi god veiledning på alle nivåer, med bevissthet om at undervisningsarbeidet er bærebjelken for hele instituttet;
- styrke forbindelsen mellom forskning og undervisning, særlig på 200- og 300-nivå;
- forbedre informasjonen om innholdet i instituttets ulike emnetilbud;
- utnytte mulighetene for mer undervisningssamarbeid på tvers av tradisjonelle faggrensener;
- fortsette med ekvivalering av emner på tvers av etablerte faggrensener;
- styrke kollegialt veiledningssamarbeid i forbindelse med masteroppgaver;
- bevisstgjøre om at instituttets budsjett i økende grad kommer til å være avhengig av studiepoengproduksjon, og dermed av at studentene tar sine eksamener på normert tid;
- fortsette diskusjonen om nye eksamensformer;
- tydeliggjøre de emneansvarliges ansvar overfor studentene og de andre emneforeleserne;
- understreke fagkoordinatorenes nøkkelrolle ved instituttet;
- fortsette å bruke studentevalueringer og andre tilbakemeldinger på emneopplegg og undervisning som verdifulle bidrag til forbedringer;
- bevare og videreutvikle det gode samarbeidet med Universitetsbiblioteket.

Samspill:

- fortsette å bidra aktivt til at studentdemokratiet fungerer etter intensjonene;
- fortsette å støtte og stimulere studentbasert faglig arbeid (for eksempel tidsskriftutgivelser);
- fortsette å støtte opp om studentarrangementer og sosiale sammenkomster (også med foredrag, innlegg, paneldeltakelse, o.l.).

Rekruttering generelt:

- fortsette å forbedre informasjonen på instituttets hjemmeside om fag, studieprogram og karrièremuligheter;
- fortsette å delta på aktuelle rekrutteringsarenaer (skolebesøk; Fagdagen i august; m.m.);
- forbedre informasjonen på slutten av hvert semester om emnetilbud og emneinnhold det påfølgende semesteret, både på årskurs-, bachelor- og masternivå;
- bevisstgjøre om rekrutteringseffekten av et godt faglig, pedagogisk og sosialt omdømme.

Rekruttering til masterstudiet spesielt:

- reklamere for masterstudiet overfor studentene på 200-nivå, indirekte gjennom god undervisning og direkte gjennom informasjon;
- bidra til at masterstudentene fullfører sitt studium på normert tid.

Vedlegg 2. Forslag til punkter som bør tas inn i den kommende strategiplanen for LLE under "undervisning"

- Bachelorgraden skal styrkes
- Vi skal fortsette å ta vare på den faglige bredden i undervisningstilbud ved LLE
- Undervisningstilbud må tilpasses faste undervisningsressurser i fagmiljøene
- Programstyrene skal være aktive i forhold til å evaluere og videreutvikle bachelor- og masterprogrammene

- Styrke studentutveksling gjennom rutiner for mottak og veiledning av innkommende studenter, og motivering av norske studenter til utreise til institusjoner med gode faglige tilbud
- Fortsette å oppgradere eksisterende etter- og videreutdanningstilbud

Skal strategiplanen inneholde prioriteringer eller visjoner, som f.eks:

- "Det er et mål at en høyere andel studenter som starter på bachelorgraden ved LLE skal fullføre graden"

Vedlegg 3. Forslag og innspill som gjelder undervisning fra Allmøte 12. mars. Sakset fra intern oppsummering fra Siri Fredrikson.

Undervisning

-Omtalen av det å tilpasse undervisningen til fagenes faste ressurser: Farlig å formulere det slik. Konsekvensen kan bli kutt, kan brukes mot LLE og fagene. Balansegang når det gjelder undervisningsdimensjonering.

-Samarbeid på tvers av fakultetsgrenser: føre undervisning i timeregnskapet.

-BA-graden: BA-oppgaven må ha samstemte opplegg ved LLE. Oppgave med omfattende veiledning. Etterlyser en oversikt over fagenes opplegg, til felles forståelse.

-Hvis BA-graden skal styrkes må vi hjelpe studenten til å finne 60 stp i tillegg til spesialisering. Dette må ikke overlates kun til studieveilederne, dette involverer også den vitenskapelige staben.

-Prosjektforberedende emner: samarbeide på tvers av fag- og instituttgrenser.

-Gi ba-oppgaven status som noe avsluttende i seg selv, forberede publiseringsmuligheter? Veiledning må da styrkes. Publisering internt?

-Ønske om å diskutere forholdet mellom fagene i graden. Når i løpet skal/bør oppgaven komme?

-Årsstudiene: Modellen for BA-graden er en tvangstrøye, gjør det vanskelig å innpasse årsstudiene i strukturen. Årsstudiene er rekrutteringsgrunnlag, og vi bør ha dette i bakhodet når vi planlegger undervisning og opptak.

UII-sak 19/12	Engelsk som undervisningsspråk.	
Vedlegg 1	Grads- og studiereglementet ved Universitetet i Bergen:	

	§20 Undervisnings- og eksamensspråk	
Vedlegg 2	Utdrag om internasjonalisering av utdanningen på bachelor- og masternivå fra <i>Strategi 2012 – 2015 for Det Humanistiske Fakultet</i> .	
Vedlegg 3	Emner for innreisende studenter høsten 2012 og våren 2013	

UiB har mål om at minst 20 % av alle som avlegger en grad ved UiB skal ha vært på utveksling i løpet av graden sin. I strategien til Det humanistiske fakultet blir det understreket at HF bør ligge over dette og at vi bør tiltrekke oss flere utenlandske studenter. HF-strategien peker også på at det er ”viktig å unngå å utvikle studieopplegg som i unødig grad segregerer utenlandske og norske studenter.”

Grads- og studiereglementet sier at hovedregelen skal være at undervisningen på begynneremner er på norsk. Emneplanen fastsetter hvilket språk undervisningen foregår på.

En stor del av emnene HF lyser ut for utenlandske studenter tilbys av LLE. En viktig årsak er at vi lyser ut mange ordinære nordisk-emner til utenlandske studenter, nærmere bestemt til utenlandske nordisk-/skandinavistikkstudenter. Undervisningen følger de på norsk, sammen med de norske studentene, mens de fritas fra kravet om å beherske begge målformer.

En annen viktig årsak er at vi lyser ut mange emner på digital kultur og lingvistikk/datalingvistikk for tilreisende studenter. Disse emnene har norsk som undervisningsspråk dersom det kun er norske studenter påmeldt, men engelsk dersom det kommer utenlandske studenter.

Til sist har vi et lite knippe emner som er utviklet spesielt for utenlandske studenter, og med engelsk som fast undervisningsspråk. Dette er SAS-emnene (Scandinavian Area Studies): SAS1, SAS2a, SAS2b (nordisk sine emner) og SAS14 (samarbeid mellom kunsthistorie, teatervitenskap og kulturvitenskap).

Det er både fordeler og utfordringer med å undervise på engelsk.

Blant fordelene ser vi at det fremmer rekruttering til emnene og gir flere studiepoeng. Det fremmer også internasjonal rekruttering til UiB på sikt, ved at en del kommer tilbake og tar en grad. Norske studenter får økte engelskkunnskaper. Utenlandske studenter integreres blant de norske. Fagmiljøenes kompetanse profileres internasjonalt og det knyttes nye kontakter.

Utfordringer vil det også være med undervisning på engelsk, og utenlandske studenter på emnene. Hvordan sikre at vi ivaretar de norske studentene og norsk som fagspråk? Hvordan er det for den faglige staben å undervise på engelsk? Hvordan ta høyde for ulike forutsetninger blant studentene og ulike kulturer for akademisk håndverk, kildebruk, m.m.?

Har LLE flere emner som ville være aktuelle å undervise på engelsk dersom vi fikk utenlandske studenter? Emner med tema fra norsk språk, kultur, litteratur og kunst vil være spesielt attraktive for en del utvekslingsstudenter.

Vedlegg 1:
Grads- og studiereglementet ved Universitetet i Bergen:
§ 20 Undervisnings- og eksamensspråk.

Som hovedregel skal undervisningen på begynneremner (emner med 100-nummer, jf. § 8, nest siste ledd) være på norsk. Fakultetet kan vedta en språkplan for undervisningen, og kan herunder fastsette kriterier for når hovedregelen her kan fravikes.

Det skal for hvert emne, på alle nivåer, fastsettes om undervisningen skal foregå på norsk eller engelsk. Denne bestemmelsen kan fravikes dersom alle studentene som deltar på emnet er registrert med norsk eller engelsk som morsmål eller førstespråk eller dersom det av faglige grunner er mest tilrådelig å bruke undervisere som ikke behersker norsk.

For emner i fremmedspråk eller i nordisk språk kan det fastsettes i studieplanen og/eller emnebeskrivelsen at undervisningen skal holdes på norsk, engelsk eller et annet språk.

Eksamensoppgaver utformes etter behov på norsk og/eller engelsk, ev. på andre språk i samsvar med emnebeskrivelsen. Dersom ikke noe annet er særskilt fastsatt, kan besvarelsen skrives på norsk eller engelsk. Dersom undervisningen er gitt på engelsk, skal også eksamensoppgaven foreligge på engelsk.

Dersom oppgaven er gitt på norsk, skal den foreligge på den målformen den enkelte kandidat har valgt (bokmål/nynorsk). Det kan gjøres unntak for dette dersom vilkårene i "Forskrift om målform i eksamensoppgåver" er oppfylt. For eksamener i norsk språk kan det påbys at henholdsvis nynorsk og bokmål skal brukes på bestemte eksamener eller eksamensdeler.

For så vel undervisning som eksamen gjelder at svensk eller dansk er likestilt med norsk, med unntak av emner som nevnt i 3. ledd ovenfor.

Vedlegg 2: Utdrag om internasjonalisering av utdanningen på bachelor- og masternivå fra *Strategi 2012 – 2015 for Det Humanistiske Fakultet*.

Internasjonalisering

Sjølvs om utvekslingsfrekvensen ved fakultetet ligg over minimumsmålet i UiBs internasjonale strategi, bør fakultetet setje høgre mål i lys av mange av faga sin internasjonale karakter. Fleire studentar bør reise ut, og vi må tiltrekkje oss fleire internasjonale studentar. Arbeidet med dette skal vere eit fast punkt i institutta sine årlege handlingsplanar, der ein også skal diskutere i kva grad det let seg gjere å fastsette programspesifikke måltal for utveksling.

Studentutveksling skal i større grad enn i dag skje gjennom avtalar med eit fåtal utanlandske universitet vi har god kjennskap til og god kontakt med. Lærarutveksling til dei same universiteta kan i mange høve vere viktig for at samarbeidet skal bli best mogleg.

For å sikre eit godt tilbod til innreisande studentar, skal tilhøvet mellom undervisning på norsk og engelsk greiast ut med sikte på å finne ein god balanse mellom omsynet til denne gruppa og språkpolitiske omsyn forankra i UiB sin språkpolitikk, både med omsyn til å bevare norsk som fagspråk og med omsyn til å gjere studentane betre i engelsk. Ein vesentleg del av internasjonaliseringa heime er at det er god kontakt mellom utviklingsstudentar og norske studentar. Det er difor viktig å unngå å utvikle studieopplegg som i unødig grad segregerer utanlandske og norske studentar.

Vedlegg 3:

Emner for innreisende studenter høsten 2012 og våren 2013

Institutt: Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier

Emnekode	Emnenavn	Tilbys h-2012 (sett kryss)	Tilbys v-2013 (sett kryss)
DIKULT103	Digitale sjangrar: digital kunst, elektronisk litteratur og dataspill/ Digital Genres: Digital Art, Electronic Literature, and Computer Games		x
DIKULT104	Datateknologi: Historie, teori og praksis/ Computing Technology:		x

	History, Theory and Practice		
DIKULT105	Webdesign/ Web Design	x	
DIKULT106	Kultur og normer i informasjonssamfunnet: identitet, kjønn og samhandling/Culture and Norms in the Information Society: Identity, Gender and Social Interaction	x	
DIKULT203	Elektronisk litteratur/Electronic Literature	x	
DIKULT251	Kritiske innfallsvinklar til teknologi og samfunn/ Critical Perspectives on Technology and Society with Bachelor Thesis		x
DIKULT302	Sentrale teoriar i digital kultur/ Key Theories of Digital Culture	x	
DIKULT303	Digital medieestetikk/ Digital Media Aesthetics		x
DIKULT304	Seminaremne i Digital kultur/Seminar Topics in Digital Culture		x
DASP252	Recent Trends in Computational Linguistics		x
DASP302	Statistical Methods		x
DASP307	Academic Writing for Master`s and PhD Students in Language and Linguistics		x
LING250	Language typology with BA thesis		x
LINGMET	LINGMET / Methods for Language-Related Master`s programmes		x
LING305	Modern Grammatical and Semantic Theory	x	
LING306	Experimental Psycholinguistics	x	
PSANA101	Introduction to Psychoanalysis	x	
PSANA201	Identity, Gender and Self in Modern Psychoanalysis		x
ISL102	Icelandic Literature and Society		x
ISL103	Icelandic Language I	x	
ISL104	Icelandic Language II		x
NOFI102	Old Norse Texts	x	
NOFI105	Old Norse Literature and Culture II	x	
NOFI101	Old Norse Language		x
NOFI104	Old Norse Literature and Culture I		x
NOFI106	Old Norse Myth and Legend	x	
NOFI211	Old Norse Studies I	x	x
NOFI250	Old Norse Studies II	x	x
NOLI102	Nordic Literature: Literature after	x	x

	1900		
NOLI103	Nordic Literature: Literature up to 1900	x	x
NOLI211	Nordic Literature: Literary specialization C	x	
NOLI252	Nordic Literature: Literary Specialization B	x	
NOLI250	Nordic Literature: Literary Analysis and Theory	x	x
NOLI251	Nordic Literature: Literary Specialization A		x
NOSP102	Nordic Linguistics: Modern Languages		x
NOSP103	Nordic Linguistics: Language History and Spoken Language	x	
NOSP211	Nordic Languages: Languages in the Nordic Countries	x	
NOSP212	Nordic Languages: Linguistic Specialization	x	
NOSP250	Nordic Languages: Language Use		x
NOSP251	Nordic Languages: Language Variation and Change 1		x
NOSP253	Nordic Languages: The Language System 1	x	
SAS1	Norwegian Language - Scandinavian Area Studies		x
SAS2A	Scandinavian Literature: 19th Century - Scandinavian Area Studies	x	
SAS2B	Scandinavian Literature: 20th Century - Scandinavian Area Studies		x
SAS14	Norwegian Art, Theatre and Cultural Studies - Scandinavian Area Studies	x	

Norskurs for utenlandske studenter og ansatte

		høst 2012	vår 2013
NOR-U01	Introductory Course in Norwegian	x	x
NOR-U1	Norwegian Language and Culture for Foreign Language Students, level 1	x	x
NOR-U1/2	Norwegian Language and Culture for Foreign Language Students, level 1+2	x	x
NOR-U2	Norwegian Language and Culture	x	x

	for Foreign Language Students, level 2		
NOR-U2/3	Norwegian Language and Culture for Foreign Language Students, level 2+3	x	x
NOR-U3	Norwegian Language and Culture for Foreign Language Students, level 3	x	x
NOR-U4	Norwegian Language and Culture for Foreign Language Students, level 4		x

Eventuelt

21.03. 2012

Hilde G. Corneliussen
undervisningsleder

Ranveig Lote
studieleder